



Leiar Haldis Amalie Åkra sel årer

Den tradisjonelle skulemusikk-basaren i kveld, som denne gongen vart halde i Aktivitetshuset, ga 20 000 i kassa. Men det stoppar sjølvstakt ikkje der, for korpset har ei anna stor inntektskjelde på gang, Det er salet av ein adventskalendar som har vore en stor suksess.

- Det har gått over all forventning, sa styreleiar Haldis Amalie Åkra til uskedalen.no i kveld. Salet av kalenderen held naturleg nok fram til advent, nærare bestemt 29. november, og vil også gå føre seg på SPAR. Kan basar-resultatet frå i fjor på 41 000 kroner bli slege?



Hjønnevågbordet håva inn gevinstar

I alle fall er det mykje å gleda seg over i samband med skulemusikken samanlikna med situasjonen for få år sidan. Noko av det gledeligaste er den musikalske standard som dirigent Tor Skeie Olsen har hovudæra for og som til fulle vart demonstrert under ein minikonsert som opna basaren. No er det driv over korpset som også har satsa på meir krevjande musikalsk stoff. Sjølv sagt møtte det ikveld med fullt mannskap - det vil seie 20 musikantar.



Korpset slo an den rette tona og dirigentens datter Tilde er allereie aktiv

Eit anna gledes-element kunne styremedlem Hilde Bringedal opplysa om-

Frå Sparebank-stiftinga har kopset fått 60 000 kroner til seminar og i helga frå 4. til 6. april inviterar Uskedalkorpset dei to andre skulekorpsa i kommunen - i Rosendal og på Husnes - til seminar med base i Helgheim.

- Vi vil gjerne visa dei 2 andre korpsa, som har rundt 30 musikarar, at også vi er iferd med å løfta oss, seier Hilde.



Gevinstbordet imponerte, ikkje minst med lekre strikkaplagg
Apropos seminar: Det var av praktiske grunnar denne basaren vart halden

i Aktivitetshuset og ikkje på Helgheim.

-Musikarane har hatt seminar her denne helga og då var det upraktisk å flytta, forklarar leiinga, som ellers består av Lene Taranger, Anette Sund og Anja Strüter og får mykje ros for ei offensiv haldning.

Basaren vart avvikla på under 2 timar og både gevinstar og regi må få beste karakter. Det vart ei triveleg sundagsstund med eit godt føremål som samlingspunkt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tor Edward Taranger hadde ei nøkkelrolle bak mikrofonen